



Husnes Båtlag

VEDTEKTER

FOR

Husnes Båtlag

Husnes Båtlag er forsikra i Norske Sjø og
Medlem av Kongelig Norsk Båtforbund frå 29.03.2000.

**Første gang vedtatt på konstituerande årsmøte den 04.12.1974. Og gitt
namnet Husnes Båtlag, forkorta HBL.**

Revidert 1987, 1990, 2002, 2004, 2006, 2008, 2010, 2011, 2012, 2013, 2015 og 2017

Vedtatt på årsmøtet den 09.03.2017

§ 1. LAGETS FORMÅL er i hovudsak følgjande:

- A. Samle båteigarar og tilby dei ei sikker og lett tilgjengelig båthamn med mulighet for slippsettjing og i avgrensa omfang tilgang til kortare, unntaksvis lengre opphald på land.
- B. Skape eit aktivt, godt og teneleg båtmiljø for båteigarar, med plass til sosiale aktivitetar.
- C. Skapa grunnlag for utvikling av fritidsbåtlivet som rekreasjon og kystkultur.
- D. Skapa grunnlag for utvikling av kunnskap om sjøvit, tryggleik og marint miljøvern.
- E. Ivareta medlemene og ålmenta sine interesser og rettar til bruk av skjergarden, sjøen og havet som rekreasjonsområde, og til anna privat fritidsbasert bruk.
- F. Samarbeid med så vel andre private organisasjonar som med offentlege styresmakter til fremjing av interessene til båtfolket.

§ 2. LAGETS ORGANISASJON OG LEIING

HBL organiserast og leies som følgjer:

- A. Laget leies av eit styre som blir vald av årsmøte og er samansett slik:

Funksjon:	På val når:
• * Leiar	Ulike år
• * Nestleiar/hamnesjef	Like år
• * Kasserer	Like år
• * Sekretær	Ulike år
• * Styremedlem (ass hamnesjef)	Like år
• * Første vararepresentant til styret	Ulike år
• * Andre vararepresentant til styret	Like år

- B. Styret blir vald for 2 år om gangen. Valteknisk skal den eine halvdelen av styret velgast kvart like år og andre halvdelen kvart ulike år. Sjå § 2A over.
- C. Styret har ansvar for den daglege drifta av HBL og skal sørge for at denne er økonomisk forsvarleg og at alle økonomiske forhold blir gjort opp til rett tid.
- D. Styret utnemner dei komitear og utval som er nødvendige for å løysa bestemte oppgåver, med mindre desse blir valde av årsmøtet.
- E. HBLs vedtekter, § 9 - 13 gjer greie for styrets ansvarsfordeling av den daglege leiinga av laget og båthamna. Styret har med utgangspunkt i same punkter også ansvar for drift og praktisk utføring av utbyggings- og vedlikehaldsarbeid i HBL hamneområde.

§ 3. ØKONOMISKE FORHOLD

- A.** HBLs økonomiske forhold blir fastsett av årsmøtet for eit år om gangen. Rekneskapsår og kalenderår er samanfallande. Dei viktigaste økonomiske føresetnadane er nedfelt i følgjande: Depositum utledet av båtplassens verdi, årskontingent, sal av båtplass, opplagsavgift, dugnadsavgift og målaravgift.
- B.** Blir purring påkravd 14 dagar etter forfall, kan purregebyr i samsvar med det lova fastset verta lagt til. Dersom særskilde forhold som hindrar medlemmen å betala i tide har kome til etter at ordinært innbetalingsvarsel er motteke, skal forholdet takast opp skriftleg med styret. Eit medlem kan ekskluderast med heimel i § 7. Uteståande krav med tillegg av kostnader skal i slike tilfelle trekkjast ifrå eventuell innløysingspris.

§ 4. MEDLEMSKAP

- A.** Medlemskap er ope for alle som ikkje er ekskludert eller har ubetalte krav i HBL: Personar som ønskjer medlemskap og/eller båtplass må søkje styret skriftlig om dette. Organisasjonar, foreiningar eller firma kan ikkje oppnå medlemskap i HBL. Oppseiing av medlemskap og/eller båtplass samt adresseendring skal skje skriftlig. Det tildeles kun to båtplassar pr. medlemskap. Tildeling av båtplass og naust skjer etter ansiennitet. Tildelt båtplass eller naust kan ikkje overdragast til andre, utan gjennom styret.
- B.** Medlem som betalar inn depositum til båtplass, oppnår medlemskap med alle rettigheter og plikter, slik det er fastsett i desse vedtektene. Medlemmene pliktar å rette seg etter hamnesjefens anvisning ved tildeling av båtplass.
- C.** Kasserer skal halde kartotek over medlemmene. I tilknytning til søknad om medlemskap skal følgjande opplysningar framgå:
- Namn og privat adresse
 - Yrke
 - Telefon på arbeid og privat
 - Båtens namn (dersom det finnes)
 - Båtens lengde og bredde
 - Båtens vekt
 - Båtens draft
 - Forsikringsordning og i kva selskap , kopi vedleggest.

Straks ein eller fleire av ovenstående opplysningar endrast, skal medlemen uoppfordra snarast melde frå til HBLs hamnesjef.

- D.** Medlem utan båtplass må betale som for ikkje medlem ved bruk av slipp og klubbhus. Ektefelle /sambuar til medlem med båtplass, kan velgast til verv i laget utan å være medlem, men har ingen stemmerett.

- E. Medlemmene har rett til å nytte HBLs anlegg på land, samt eigen båt plass med tilhøyrande utstyr på bryggene. Nærare reglar for dette er fastlagt i § 23.
- F. Medlem som vil arbeide vedlikehaldsarbeid i Husnes Båthamn, må sjølve ta kontakt med styret, helst så tidleg som mogeleg etter ordinert årsmøte. Timelistene skal leverast inn i slutten av kvar månad og vere attestert av styret ved ass/hamnesjef. Opparbeida honorar for utført vedlikehaldsarbeid skal utbetalast det påfølgande år, seinast 1 mnd. etter ordinert årsmøte.

§ 5. DATA PÅ BÅT

Som følgje av at HBLs anlegg har avgrensingar i dimensjoneringa på brygger og slipp, settes det krav og avgrensingar. Båtens størrelse skal ikkje overstige følgjande mål:

- A. Største båtlengd seksjon D med 10 meter utriggar, båtens LOA 11,28 m. (37 fot)
Gjeld frå og med 01.03.2008. Ikkje tilbakeverkande kraft.
- B. Største båtlengd seksjon A og B med 8 meter utriggar, båtens LOA 9,75 m. (32 fot)
- C. Største båtlengd seksjon A, B og C med 6 m. utriggar, båtens LOA 7,92 m. (26 fot)
- D. Største båtlengd seksjon C med 5 m. utriggar, båtens LOA 5,49m (18 fot)
- E. Største båtlengd seksjon C med 4 m. utriggar, båtens LOA 4,27m (14 fot)
- F. Skroglengde eksklusiv badeplattform og baugspyd maks: D: 37 fot. A og B: 32 fot og C: 26 fot. Badeplattform som er ein integrert del av skroget skal medreknast båtens lengde.
- G. Båtlaget skal skaffe den nødvendige lengda på utriggarar og bredde på båt plass slik at dei passer til den størrelsen på den båten som medlemen har avtalt plass til.
Kostnadane dette medfører bæres av båteigar, oppskrivning av båt plass med ekstra innbetalt andelsinnskudd. **1 fot = 30,48 cm.**

§ 6. MEDLEMMENES ANSVAR OG PLIKTER

Medlemmenes viktigaste plikter er:

- A. Medlemmene plikter å rette seg etter lagets vedtekter samt påbod, forordningar og tiltak som iverksettes av styret, heimlet i fullmakter og begrensingar, beskrevet i desse vedtekter, eller med hjemmel i lovlege årsmøtevedtak. Medlemmene er pliktige til å motta tillitsverv.
- B. Medlemmane pliktar å ettersjå sine båtar ved mykje nedbør og vind. (Sjå prisliste, lensing av båt). Medlem som oppdagar uregelmessighetar eller skadar av nokon art på lagets område, eigedom eller materiell, pliktar å melde frå om dette til hamnesjef eller andre frå styret. Om mogeleg skal tilløp til skade forhindrast.

- C. Kan båtar bli skada på grunn av slitte fortøyingar eller liknande, skal forholdet straks forsøkast retta og deretter meldast til båteigar. Eigar av båt som på grunn av manglande tilsyn, utilstrekkeleg fortøying, uansvarleg bruk av elektrisk straum og liknande, forvolder skade på andres båtar eller lagetts eigedom er økonomisk ansvarleg. Ved skade på lagetts utstyr, vert båt-plassen nedskriven med ein sum etter skadens omfang.
- D. HBL hefter ikkje for skade som av andre påføres medlemmenes båtar, tjuveri frå desse eller for medlemmers eigedom for øvrig som befinner seg på lagetts område eller klubb/slipphus.
- E. Det er bare medlem med båt-plass som kan bygge eller eige naust i Husnes Båtlag. Bygging kan skje etter behov, og når det finnes tilgjengeleg areal. Tildeling av tomter skal skje etter ansiennitet. Kwart medlem kan bare ha eit naust. Medlem som har hatt naust og solgt eller overdratt dette til andre, stiller bak i køen når det gjeld ansiennitet og salstidspunkt. Styret skal godkjenne planer, og evt. oppnemne eit interimstyre som kan stå for arbeid med planlegging og kontroll, bygging og standard på materiale og kvalitet på utføring. Båtlaget – ved styret – er den formelle byggherre i forhold til Hydro Husnes og kommunen. For at tilgjengeleg areal til naustbygging skal gi flest moglege høve til å få tildelt ei tomt, skal brutto grunnareal pr. medlem pr. naust vere 3.0 x 6.0 m Nausteigar skal sjølv ta alle kostnader med grunnarbeidet, bygging, vedlikehald og evt. forsyning av vei, straum og vatn til naust og fellesareal. Ved mangelfullt vedlikehald og opparbeiding, skal styret få arbeidet utført på andelseigars rekning. Utforming og farger skal vere likt for kvart nausttun. Tilknytning og forsyning av straum og vatn frå båtlaget sitt nett, skal godkjennast av styret. Det skal betalast avgift for tilknytning og forsyning av straum eller vann frå båtlaget sitt nett. Vassforsyning til naust, kan bare skje ved felles vasspost.

§ 7. TAP AV MEDLEMSKAP

Medlem som bryt desse vedtekter, eller ikkje føl styrets lovlege påbod, eller ved sin opptreden vekkjer forargelse, eller har restanse ut over det som er beskrevet i § 3 B, siste ledd, eller på andre måtar er til sjenanse eller skade for de øvrige medlemmer og HBLs renommé, vil bli gitt skriftleg åtvaring frå styret. Ved gjentakelse er styret bemyndiga til å sei opp medlemmen med øyeblikkelig virkning. Ved vedtak om tap av medlemskap skal minst 4/5 av styret stemme for dette.

§ 8. INNØYSING OG OVERDRAGELSE

Ved innløysing av båt-plass, eller ved sal av båt eller naust skal følgjande iakttas:

- A. Innløysing av båt-plass, eller sal av naust skal alltid skje gjennom styret ved hamnesjef.
- B. Medlem som ønskjer å leige ut sin båt-plass, plikter å underrette styret før utleige.
- C. Ved sal av båt eller naust kan ikkje medlemskap eller båt-plass overdragast til den nye eigar.

- D. Solgt båt skal fjernes frå HBL sitt område så fremt ny eigar ikkje er medlem i Husnes Båtlag med eigen båtplass. Før innløysing skal båtplassen være fri for heftingar.
- E. Inntreff dødsfall kan medlemskapen overførast til den av de etterlatne som beheld båten så fremt vedkommande fyller føresetnadane gitt i desse vedtekter. Viss ikkje, overtas båtplassen av HBL til refusjonspris og vidare sal. Avvikling skal skje i samarbeid med, og under omsyn til de etterlatne og deira situasjon. Tidsramma settes til 6 mnd.
- F. Kasserer innløyser båtplass eller straumuttak når laget har funne medlem som overtek båtplassen eller straumuttaket, og denne har innbetalt depositum.

STYREMEDLEMMENES OPPGÅVER OG PLIKTER

§ 9. LEIAR har følgjande myndighet, oppgåver og ansvar

- A. Denne skal påsjå at HBL styres i samsvar med dens vedtekter og vedtak truffet av årsmøtet og at styremøter blir gjennomført. Denne har fullmakt/signatur for båtlaget.
- B. Denne skal planleggje gjennomføringa med vidare utbygging av lagets totale hamneanlegg.
- C. Denne skal lede styre- og medlemsmøter og kalle inn til slike møter når denne finn det nødvendig. Denne plikter å kalle inn til styremøte når minst 3 styremedlemmer krev det, og til medlemsmøte eller til ekstraordinært årsmøte når minst 1/3 av medlemmene krev det, eller at styret av andre grunner finn det nødvendig. Husnes Båtlag skal ha minst 1 (eit) medlemsmøte pr. år.
- D. Denne har møterett i alle utval.

§ 10. NESTLEIAR/HAMNESJEF har følgjande myndighet, oppgåver og ansvar

- A. Denne skal leie og gjennomføre vidare utbygging og tyngre vedlikehald av lagets hamneanlegg. Denne skal leie og kontrollere den daglege drift og vedlikehald av lagets totale hamneområde herunder bryggjer, kaiar, slippar, oppstillingsplass og slippus. Til støtte i arbeidet har denne styremedlem/ass. hamnesjef som i henhold til sine instruks, nedfelt i desse vedtekter, er forplikta til å samarbeide og assistere.
- B. Denne skal på vegne av styret forestå kontaktar med firmaer og andre ytre instansar for å ivareta sine oppgåver.
- C. Denne skal fordele/regulere båtplassar, og i samarbeid med styremedlem/ass hamnesjef organisere og leie vedlikehalds- og dugnadsarbeid. Denne skal føre lister over fordeling av båtplassar, og ved endringar umiddelbart varsle og halde kasserer og sekretær à jour.

- D. Denne skal kontrollere at båtane er forskriftsmessig fortøydd, og når dette er mangelfullt pålegge båteigarane å utbetre manglane snarast. Sørge for tømning av vassline før frost.
- E. Denne har ansvaret for organiseringa av all snøbrøyting. Ved manglande snømoking av flytebyggene skal denne purre på dei som på dette tidspunkt er ansvarleg for dette.

§ 11. KASSERAR har følgjande myndighet, oppgåver og ansvar

- A. Denne skal føre rekneskap over HBLs inntekter og utgifter
- B. Denne skal sørge for at avgifter og innskot blir rettidig innbetalt, og eventuelt purre slik det er bestemt i § 3 B.
- C. Denne skal rettidig utbetale rekningar etter at desse er anvist av leiar.
- D. Denne skal 14 dagar før ordinert årsmøte leggje fram for styret revidert rekneskap saman med liste over medlemmer som står til rest med sine økonomiske forpliktelser overfor HBL.
- E. Denne skal på ordinært årsmøte leggje fram revidert regnskap samt oversikt over HBLs økonomiske stilling og neste års budsjettforslag. Nettoinntektene frå turistane skal budsjetterast og benyttas etterskotsvis. (Det vil sei: Påfølgande år etter innteninga) .
- F. Denne skal i samarbeide med det øvrige styret forestå budsjettering av framtidige planar for HBL.
- G. Denne skal seinast 14 dagar før ordinært årsmøte leggje fram for styret forslag om nye prisar på bryggjer og utriggarar og timebetaling for dugnad.
- H. Denne skal leggje fram regnskapsoversikt når styret bed om det.

§ 12. SEKRETÆREN har følgjande myndighet, oppgåver og ansvar

- A. Denne skal føre protokoll/journal over styre- medlemsmøter, samt holde arkiv over HBLs forhandlingar, møter og korrespondanse.
- B. Skrive referat frå styre- medlemsmøter og årsmøte.
- C. Denne skal på ordre frå leiar forestå innkalling til årsmøte, medlems- og styremøte.

§ 13. STYREMEDLEM/ASS. HAMNESJEF har følgjande myndighet, oppgåver og ansvar.

- A. Denne skal i det vesentlege bistå hamnesjefen, og i hamnesjefens fråvær også i nødvendig utstrekning ivareta hamnesjefens oppgåver.

- B. Denne skal foreta innkalling til, og være ansvarleg for gjennomføring av alt dugnadsarbeid i laget. Til hjelp og bistand i dette arbeidet skal han samarbeide med dugnadsbasane. Denne har også ansvar for å koordinere og kontrollere at snømoking blir utført dersom det er organisert slik teneste. Stenging og trykkblåsing av vassline for vinteren.
- C. Denne skal føre liste over utført dugnadstimer og rekneskap over enkeltmedlemmenes dugnadsinnsats. Dette skal leverast kasserer minst ein måned før ordinert årsmøte.
- D. Denne skal spesielt påsjå at miljøforureining unngåas og at miljøskadelege avfall som olje og batteri etc. blir forskriftsmessig avhenda.
- E. Denne skal framleggje for styret forslag til endringar eller fornyingar denne finn nødvendig innan sitt ansvarsområde.

§ 14. REVISJON

Den skal revidere HBLs rekneskap og framleggje revisjonsrapport for HBLs årsmøte.

§ 15. FORSIKRING

Medlemmenes båtar skal som minimum være ansvarsforsikra. Joller som tilhøyrer hovudbåten er unntatt. HBL har forsikra sine eigedommar på sjø og land for skadetyper som vanligvis kan inntre, f eks brann, havari m.m.

§ 16. HUSNEMND 3 stk

- A. Husnemnda er underlagt Hamnesjef, og skal vera samansett av 1 leiar og 2 medlemer. HBLs medlemmer har plikt til å bistå bl.a. nemnda når denne bed om det. Medlemmer som har andre tillitsverv i HBL kan be seg fritatt.
- B. Nedvasking av klubbhus ein gang kvart år.
- C. Organisere vask av kjøken, gangar, toalett og dusjar i turistsesongen, og elles når det er naudsynt. Dette skal betalast etter satsar vedtatt av årsmøte.
- D. Medlemmer som har meldt seg på dugnad, plikter å vaske når husnemnda bed om det.

§ 17. FESTNEMND - 3 stk

Festnemnda er underlagt Leiar for styret, og skal vera samansett av 1 leiar og 2 medlemer. Desse har som oppgåve å arrangera St. Hans fest, julebord og andre festarrangement som båtlaget ynskjer.

§ 18. GARTNARAR - 3 stk

Gartnartenesta er underlagt Hamnesjef, og skal vera samansett av 1 leiar og 2 medlemer. Desse har som oppgåve å klyppa plenane som HBL rår over, og å halde orden på planter og bed.

§ 19 . VALNEMND – 3 stk

Medlemmene har følgjande oppgåver og ansvar:

- A. Den skal tre i funksjon når styret bed om det og skal utføre sine oppgåver i samsvar med HBLs vedtekter.
- B. Den skal framsetje forslag til styremedlemmer og vararepresentantar som står på val.
- C. Den skal framsetje forslag til festnemnd, husnemnd, gartnarar, samt 1 revisor med vararepresentant.
- D. Festnemnd, husnemnd, gartnarar, revisor og revisor sin vararepresentant, vert valde for 2 (to) år om gongen.
Valteknisk skal den eine halvdelene veljast kvart like år, og den andre halvdelene kvart ulike år. Styret innstiller til valnemnd.

§ 20. VALBARHET

HBLs medlem med båtplass er pliktige til å ta de verv de blir valde til. Medlemmene kan nekte attval for like lang tid som de har innehatt eit verv. Det bør også tas omsyn til medlemmens helse og alder.

§ 21. ÅRSMØTE

Årsmøte er HBLs høgaste myndighet og skal gjennomførast ein gang årlig etter følgjande reglar:

- A. Ordinert årsmøte skal normalt holdast i løpet av februar månad.
- B. Medlemmene innkallast til årsmøte med minst 8 dagars varsel. Årsmeldinga skal være tilgjengeleg for medlemmene minst 7 dagar før ordinert årsmøte. Dagsorden skal stå på innkallinga.
- C. Forslag til saker, herunder vedtektsendringar osv som ønskjast satt på dagsorden må uoppfordra være styret i hende i løpet av desember månad.

- D. Årsmøtet, som er samankalla iht. § 21 B er vedtaksdyktig uansett frammøte. Det er berre medlemmer med innbetalt depositum for båtplass, og som har betalt hamneavgiftene for føregående år, som har stemmerett. Ingen kan ha meir enn 2 (to) stemmer ved votering i form av 1 (ein) skriftleg fullmakt frå andre medlemmer som er fråverande. Fullmakta skal vere skrive med blokkbokstavar, lett leseleg med medlemmens fulle namn og underskrift som skal framleggjast for godkjenning ved møtets byrjing. Alle vala skal foregå enkeltvis og det blir kravd simpelt fleirtal blant dei frammøtte. Oppnår man ikkje dette holdes det omval mellom dei to kandidatane som oppnådde flest stemmer ved første votering.
- E. Endringar av HBLs vedtekter krev 2/3 fleirtal og skal behandlast som særskilt punkt på dagsorden. Endringsforslag skal være skriftleg formulert.

F. Følgjande punkter skal førast opp på dagsorden:

1. Godkjenning av frammøtte representantar og fullmakter.
2. Godkjenning av oppsatt dagsorden.
3. Val av ordstyrar og referent.
4. Behandling av årsberetning, årsrekneskap og revisjonsberetning.
5. Årsplan, budsjettforslag og avgiftssatsar for komande år.
6. Forslag til vedtektsendringar, om slike forelegg.
7. Behandling av innkomne forslag og saker frå medlemmene og styret.
8. Val av styremedlemmer og deira vararepresentantar, husnemnd, festnemnd, gartnerar, valnemnd og revisor med vararepresentant.
9. Eventuelle orienteringssaker som ikkje skal takast opp til votering.
10. Avslutning

- G. Årsmøtet kan ikkje fatte vedtak som strider mot HBLs vedtekter. Blir det kravd vedtektsendringar skal desse gjennomførast iht. foranståande underparagraf E.

§ 22. OPPLØYSING AV HBL

Oppløysing av HBL skal framleggjast for, og behandlast av ordinært årsmøte. Eit eventuelt vedtak om oppløysing blir først gyldig etter innkalling til og behandling av ekstraordinært årsmøte. Vedtak krev 2/3 fleirtal av dei stemmeberettigte representantar.

Ved oppløysing skal det veljast eit avviklingsstyre etter reglane i vedtektene sin § 21. Avviklingsstyret skal ha ansvar for å ivareta laget sine interesser fram til endeleg avvikling finn stad. Dette gjeld også for den

praktiske likvidasjonen av laget. Vedtektene sine andre reglar skal nyttast på tilsvarende måte under avviklinga.

Laget sine eigneluter og rettar skal først over til, eller fordelast mellom, eitt eller fleire lokale lag med same eller liknande formål, til bruk for å oppnå slike formål etter årsmøtet sitt klart definerte vedtak. Dersom det ved oppløysinga ikkje finst nokon aktuell eller villig slik mottakar, skal laget sine eignelutar tilførast same, eller liknande, formål etter nærare avgjerd av KNBF. Laget sine eignelutar, eller rettar, kan ikkje i noko tilfelle tileignast eller delast ut til laget sine medlemmer eller andre enkeltpersonar.

§ 23. HAMNEREGLAR

Hamnereglane beskriver ein rekkje detaljerte forhold som særleg forpliktar den enkelte båteigar. Styret skal være spesielt påpasseleg med at hamnereglane etterlevast.

- A. Landområde som disponerast av HBL er i sin heilhet Hydro Husnes sitt område med dei restriksjonar dette medfører. Plassen skal holdast rein og fri for rask og rot og ikkje brukast til lagerplass.
- B. Medlemmene er personleg ansvarleg for at deira familie, gjester, vener og midlertidige brukarar av medlemmens båt, blir orientert om HBLs vedtekter og plikten å følgje desse.
- C. Båteigar anvisast båt plass av hamnesjefen. Båt plass med tilhøyrande bryggje skal holdast i god orden, og skal ikkje tjene som lagringsplass for lausøyre av noko slag. Teknisk tilstand skal frå tid til annan inspiserast. Kvar eigar reingjere sin båt plass for sli, blåskjel og fjerning av tau som ligg i sjø.
Om vinteren skal båt som flyter og båt plass holdast fri for snø. Båt plassen skal måkast sjølv om båten står på land. Om styret finn det formålstenleg kan snømoking av flytebryggjene organiserast ved at det kvar vinter inngåast avtale med nokre personar som for vanleg dugnadsgodtgjering held desse fri for snø. Om det blir iverksatt organisert snømoking skal styret informere om dette innan 1. november.
- D. Ingen får flytte til annan båt plass eller bytte innbyrdes utan forhandsgodkjenning av hamnesjef. Hamnesjef skal snarast melde frå om permanente endringar til sekretær og kasserer. Ved skifte til større båt skal hamnesjefs godkjenning foreligge på forhand.
- E. Etter hamnesjefens bestemmelse og anvisning kan joller inntil 10 fot fortøyas på anvist stad bak på eigen båt om dette ikkje er til hinder for andre. Om vinteren kan de plasserast på anvist stad på land.
- F. Bruk av lagets slipp skal først på slipplista og avgrensast til det nødvendige. Når det ikkje arbeidast med båten skal denne straks flyttast tilbake til eigen båt plass.

FORTØYNINGSFORSKRIFTER SOM SKAL FØLGJAST

1. For båtar inntil 25 fot / 2,5 tonn skal tau dimensjonen minimum være 12 mm i diameter. For større båtar kreves forholdsvis tjukkare dimensjoner. Tau kvaliteten skal være av god klasse. Kjetting og kause er strengt forbode pga. korrosjon.

2. Fremre fortøyningstau (inn mot bryggja) kan ha avfjæring som er dimensjonert i forhold til tautjukkelsen. Taua skal strammes heilt opp slik at avfjæringa er i funksjon.
 3. Bakre fortøyninger (ytterst på utriggaren) skal ikkje ha avfjæringar, men strammes heilt opp slik at noko av vekta på utriggaren tener som avfjæring. (Denne fortøyningsteknikk fordeler belastning på begge utriggaren og binder også båtane saman).
 4. Ferdig fortøya skal båtens stevn eller utståande gjenstandar, landgangstiger og liknande ikkje ha eit overheng inn på bryggja som er større enn 0,25 meter, bakre enden på båten skal ikkje stikke meir enn maks 1,50 meter bak utriggaren, (badeplattform ikkje medrekna). På enkelte båtar må støttefortøyning eventuelt brukast.
- G.** Medlemmene plikter å ettersjå sine fortøyninger og utstyr og passe på at det er forsvarlig festet før hauststormane setter inn.
- H.** HBLs styre plikter å påtale uregelmessigheter overfor eigne medlemmer. Gjentakelse kan medføre eksklusjon.
- I.** Båtens fart skal avpassast fartsbegrensninger angitt ved skilt på land.
- J.** Det er strengt forbode å sløye eller dumpe fisk, tømme eller pumpe olje eller oljeholdig vatn og septik i hamneområdet.
- K.** Lagets materiell og utstyr som er til felles benyttelse skal oppbevarast eller plasserast på anvist stad etter bruk, reingjort og på ein ryddig måte. Oppbevaring av privat utstyr/gjenstander osv i slippuset tillates ikkje og vil utan varsel bli fjernet. Lys sløkkjes og dører låsast.
- L.** Slippene skal alltid betjenes av personar som har nødvendig opplæring, og som er utpeikte av hamnesjef. Berre medlemmer med båtplass, og som har betalt alle årsavgiftene, kan bruka slippene, og då berre til eigen båt. Utleige etter avtale med de ansvarlige for slippene.
- M.** Den enkelte båteigar må sjølv ha forsikring som dekkjer skade på eigen båt under opptak på slipp. I tillegg skal HBL ha skade- og ulykkesforsikring som dekker normal aktivitet på HBLs område, herunder bruk av slipp.
- N.** Bruken av opplagsplassen regulerast av hamnesjefen. Før oppsett av båtar på opplagsplassen skal kontrakt skrivast, båtens namn, båttype og båtens lengde i fot. Båteigar er sjølv ansvarleg for eventuelle skadar som måtte oppstå under opplag, opp og utsett av båt. Opplagsplassen skal være rydda og fri for båtar og utstyr seinast 15. mai.
Husnes båtlag disponerer båtplassen så lenge båteigar står på båtlagets opplagsplass.
- O.** Hamneanlegget har framført straum på bryggjene. Straum til oppvarming eller lufttørring skal gå over individuell målar. Straumpåle med målar kan innkjøpast frå Ørsta Stål AS. Straumpåle og alle utgifter som kabel, frakt og dugnad betalast av medlemmene som eige straumpålen. Medlemmer som ikkje har straumpåle og brukar straum utover lading, handverktøy, betalar ei avgift som blir fastsett av styret.

- P. Kabel som brukes mellom strømuttak og båt skal være i en lengde, godkjent og dimensjonert i henhold til forskrifter om elektriske lavspennings anlegg.

§ 24. VEDTEKTENES ANVENDELSE OG GYLDIGHET

Medlemmer av HBL, og/eller personar som på medlemmers ansvar befinn seg i HBLs område, skal uavkorta rette seg etter desse vedtekter. Brot på vedtektene skal behandlast i samsvar med § 7.

----- §§§§ -----

Over ståande vedtekter er godkjent av Årsmøtet 2017, og tidlegare utgåve er frå same dato ugyldig.

Husnes den 30. mars 2017

Egil M. Johansen
Leiar

Vacant
Nestleiar./hamnesjef

Svein Rekkedal
Kasserar

Johnny Olsen
Sekretær

Geir Øystein Heggøy
Styremedlem/ ass hamnesjef